


ÅRSMELDING 2024 OS TURLAG

Os Turlag
Bergen og Hordaland Turlag



Organisasjonen

Styret

Leiar	Lisa Garcia Solheim fram til juni 2024 Inger Øydis Storebø(fung.) frå juni 2024
Nestleiar	Inger Øydis Storebø fram til juni 2024
Kasserar	Kjell-Tore Midtun
Sekretær	Hallgjerd Boge
Styremedlem	Arne Monsen
Varamedlem	Guttorm Jensen
Varamedlem	Jan Erik Bugge
Varamedlem	Linda Lohne

Valkomité

Kjetil Nygård
Liv Ryland Olsen
Inger Marie Rafdal

Revisor

Magne Brekke

Innleiing

Som i fjor og som året før, så har også 2024 vore eit aktivt år for Os Turlag! Vi har klart å oppretthalde det høge medlemstalet, noko vi må takke alle våre frivillige for som sikrar eit godt og variert tur/aktivitetsprogram for alle aldersgrupper gjennom heile året.

Vi hadde heile 173 turar og arrangement registrert i aktivitetssystemet vårt i 2024. I tillegg kjem all aktivitet som foreløpig ikkje ligg i dette systemet; klatregruppa har klatring 4 gonger i veka og påmelding er via Spond mens Turboklubben i Lysefjorden legg alle sine turar ut på Facebook. Dei fleste turane for 2024 vart planlagte allereie i oktober 2023 for å få dei med i programbladet. Pga. vår, sjukdom etc vart det nokre endringar gjennom året så det er lurt å følgje med på informasjon som vert lagt ut ut både på nettsida vår og på Facebook. På framsida av nettsida vår ligg aktivitetsskalenderen for Os Turlag med informasjon om turane og arrangementa våre.

Gjennom året har vi hatt 3 store arrangement, Opptur som er eit tilbod til alle 8-klassingane i kommunen og «Kom deg ut» dag i februar og august som har barnefamiljar som målgruppe. Alle arrangementa vart godt besøkte og berre gode tilbakemeldingar å få!



Deltakarar på Os Turlag sine turar skal føle seg velkommen og trygg når dei vert med oss på tur. Derfor deltar både nye og gamle turleiarar på kurs. I år har vi hatt deltakarar på førstehjelpskurs, livredning og turleiarkurs. Sistnemnte har vore i regi av Bergen og Hordaland Turlag og vi er stolte over våre nye grunnleggjande turleiarar, våre nye sommarturleiare og ikkje minst ein ny vinterrturleiar! Vi kjem til å fortsetje med å sende turleiarar og frivillige, som ønskjer det, på kurs.

Medlemstal

Medlemar 2024									
0-12 år	13-18 år	19-25 år	26-40 år	41-59 år	60-66 år	67+	Totalt 2024	Totalt 2023	%-vis endring
257	115	89	153	341	145	311	1411	1422	-0,8 %

I fjor sette Os Turlag rekord i antall medlemmar med 1422 og det er gledeleg at vi nesten har klart å oppretthalde dette høge medlemstalet! Total nedgang er 0,8% som tilsvarar 11 medlemmar. Nedgangen

er størst i aldersgruppa 13-18 år og 41-59 år på høvesvis 7% og 4% mens vi har heile 13% vekst i aldersgruppa 19-25 år og 5% i den eldste gruppa.

At vi klarar å oppretthalde eit så høgt medlemstal indikerer at vi har eit godt turprogram med aktivitetar for alle aldersgrupper.

Dugnad

Den store aktiviteten i laget er takka alle våre frivillige som bidrar som turleiarar, på dugnader til Høgabu, i Friskusgruppa og tilsyn av dagsturhytta, stiller opp som frivillig på store arrangement som Opptur eller hjelper til på kjøkenet under medlemsmøte og årsmøte. Kvart år melder vi inn ca-antall dugnadstimar utført gjennom året, til Bergen og Hordaland turlag, og i 2024 er det utført nesten 7000 dugnadstimar i Os Turlag. Godt jobba! Og tusen takk!



Møteverksemd

Årsmøte 2023

Årsmøtet 2023 vart halde i Os Eldresenter, 7. februar 2023. På årsmøte takka både Os Turlag og Bergen og Hordaland turlag, av mangeårig styreleiar Jorunn Nytræ som har lagt ned eit fantastisk arbeid i Os Turlag. Etter årsmøtesakene heldt fysioterapeut Torbjørn Størksen frå «Klatretrening.no» innlegg om skadeførebygging og ga gode tips om korleis redusere belastning på kne og andre utsette kroppsdelar ved turgåing i ulendt terreng.

Styremøte

Det har vore 8 styremøte i 2023 og 2 i 2024.

Medlemsmøte

Medlemsmøte vart halde i Eldresenteret 7. november med 60 frammøtte. Det vart gitt informasjon om aktivitet i turlaget, vekstur og programbladet. Eit alltid populært innslag på medlemsmøte er trekning av Bjørnafjordtrimmen. Det har vore eit aktivt turår for deltakarar i trimmen og mange vart påskjøna med gåvekort. Etter pause og matservering fortalte ny dagleg leiar i Bergen og Hordaland turlag (BHT) om seg sjølv, motivasjon for å gå frå banksjef til turlaget og om arbeid som pågår i BHT. Deretter tok André Marton Pedersen, informasjonsleiar i BHT og turboklubbens far i Lysefjorden, oss med til den eine turperla etter den andre gjennom det populære foredraget sitt «Turperler på Vestlandet». Kvelden vart avslutta med utlodding av blomane på borda.

Utsendingar til møter/samlinger

I 2024 har Os Turlag ikkje hatt utsendingar til DNT Fjellsport. Pga kostnad ved dette deltar Os Turlag berre annakvart år.

Ingen frå Os Turlag hadde i år moglegheit til å stille på fellesmøte for Bergen og Hordaland Turlag som i år vart arrangert på Rongevær og Kilstraumen Brygge, 09.-10. november.

Kurs/samlinger

Os Turlag har i 2024 berre arrangert eit eige kurs men har hatt mange av våre turleiarar på kurs i regi av Bergen og Hordaland turlag.

Kurs i regi av Os Turlag

Os Turlag arrangerer årleg eit 3 timars førstehjelpskurs i regi av Os Røde Kors. I 2024 vart dette kurset arrangert 9. januar i Os Røde kors sine lokale i Kolskogen. Dette kurset gir nyttig informasjon om livreddande førstehjelp ved bruk av hjarte/lungeredning, opplæring i bruk av hjartestartar, stoppe blødingar, korleis hjelpe i forbindelse med bilulukker mm. Alle fekk prøvd seg både med HLR og hjartestartar.

Deltakelse på kurs i regi av BHT

- 16 timars NF grunnkurs førstehjelp: 4
- 4 timars førstehjelpskurs: 1
- Livredningskurs/årleg livredningsprøve: 5
- Grunnleggjande turleiarkurs: 2
- Sommarturleiarkurs: 2
- Vintarturleiarkurs: 1

Turleiarssamling

Alle som har hatt kurs, enten nærturleiarkurs, grunnleggjande turleiarkurs eller sommar – vinterturleiarkurs, var invitert til 3 timars samling i Røde Kors sitt lokale 23. september for fagleg påfyll og diskusjon omkring det å vere turleiar. Det var informasjon frå styret om aktivitet i laget, system som deltaker.no og nye nettsider som har vore i bruk ca eit år, kartlegging av turleiarcompetansen i Os Turlag og risikovurdering av turar både på papir og på nett. Det vart også ein gjennomført ei uformell og anonym spørjeundersøking på kva som er motivasjon for å vere turleiar i Os Turlag og det sosiale er det som går igjen flest gonger (jo større ord jo fleire som har svart).

Motivasjon for å vere turleiar i Os Turlag

45 responses



Marknadsføring/stand

Vi har hatt marknadsføring av laget på Kom Deg Ut dagen i februar og september og fleire annonser i lokalavisene både på papir og i digitalt format for å marknadsføre spesielle arrangement og sesongoppstart av gruppene.

Grupper og aktiviteter

Som nemnt har Os Turlag hatt stor aktivitet i 2024. Det har ikkje blitt etablert nye grupper men aktiviteten i fleire av gruppene og spesielt dei ferskaste gruppene som Ung Intro og Barnas Turlag (som starta opp igjen på tampen av 2023) har hatt vekst i både arrangement og deltakarar. Turboklubben i Ervikane vart dessverre nedlagt/satt på pause i løpet av året pga. manglande turleiarar. Vi satsar på at det vert aktivitet igjen i denne gruppa etter kvart. Det har (heldigvis) ikkje vore uhell på turar eller arrangement som har kravd legetilsyn.

Seniorgruppa,

Kvar tysdag frå januar til ut november går Seniorane på tur 39 turar var sett opp i programmet for 2024, og berre 1 vart avlyst (13.02. Høglikampen pga veret). Nokre turar måtte vi endre grunna ver og føre, og det var enkelte tysdagar med skikkeleg dårleg ver, som hadde lav oppslutning, Til saman var det 922(!) som var med på turane. Turen frå Tøsdal –



Skorpo i kuling. Her hadde vi Lions til å hjelpe oss med båttransporten, og litt utfordring var det når 38 skal over osen i ribb. Turane har vi delt inn i fargekode, der grøn er lettaste, blå



middels og raud tung tur. Det skal vere noko for einkvan. Nokre nye turmål er det, men stort sett går vi oppatt turar vi har hatt tidlegare, så folk er godt kjent med turane. Heldigvis får vi nye deltakarar, og for mange av desse, er turane nye. Nokre turar er utanom kommunen, mens dei fleste er i nærområdet. Ingen uhell å rapportere om på turane i 2024, førstehjelp og hjartestartar har ikkje vore i bruk. (Jorunn Nytræ)



Friskusgruppa

Friskusgruppa har gjennomført 12 turar med til saman 65 deltakarar i 2024. Skitur på våren vart avlyst på grunn av manglande skiføre. Turane har gått i Os, Fusa og Fana. På dei fleste turane har det vore deltakarar frå begge sider av fjorden. Ingen uhell. Turane går annakvar tysdag kveld i den lyse årstida. (Marit Djupvik)

OS-trimmen Helge

Ostrimmen er for dei som vil gå på kveldstid i roleg – middels tempo. Dette turtilbodet passer for dei som vil byrje å gå på tur, bli kjent på nye stiar, områder i kommunen, og turane går annankvar onsdag i den lyse årstida. I alt vart det 11 turar i 2024,

med 69 deltakarar. (Helge Berge)

Klatregruppa

Klatreguppa til Os Turlag har som mål å skape eit godt og bredt klatremiljø i Os. Målgruppene våre er barn, ungdom og vaksne. All innandørs klatring foregår i klatreveggen i Oshallen på Kuventræ. Kvar måndag er det dameklatring, torsdagar er det klatring for 5.-6. klasse og 7.-10. klasse og vaksentrening kvar søndag med ca 30 deltakarar gjennom veka. Klatregruppa har 10 frivillige som bidrar med sikring og instruksjon.

I tillegg til innandørs klatring har turlaget klatrefelt på Halhjem, Drangsneset og Hegglandsdalen. Klatregruppa brukar mobil-appen Spond til å informasjon, påmelding og organisering av klatreøktene. (Ola Abrahamsen)

Rusleturar / Aktiv til 100

På torsdagane er det Rusleturar ilag med LHL, eller Aktiv til 100 -turane, som går. Turane varer i ca. 2 timar. Terrenget er lett, lite motbakker, og turane vert avgjort alt etter ver og føre.

Turane starta i byrjinga av februar, med avslutning før sommaren i midten av juni. Oppstart igjen i midten av august og held fram til midten av november. Til saman har det vore 25 turar i 2024, med sommaravslutning i Ervikane. Det har vore mellom 12-15 deltakarar på kvar tur. (John Ragnar Lunde)

Barnas Turlag

Barnas Turlag starta opp att med aktivitet på tampen av 2023 og har hatt stor aktivitet i 2024 med 7 eigne arrangement og eit felles arrangement med BHT med totalt 158 deltakarar:

- Kanotur med overnatting, 10-12 år

- Dagstur kano, 6-9 år
- Fjordcamp på Vinnesholmen, 6-12 år
- Coastering, 10-12 år
- Strandryddedag
- Klatreparken Høyt og lavt
- Juleverkstad på Øvreide gard
- Hyttetur til Hallingskeid saman med BHT

(Elisabeth Strøm-Olsen)



Turboklubben i Lysefjorden

Gjennom året har Turboklubben i Lysefjorden hatt 13 turar. Det har vore fiska frå både brygge og kano, gått refleksløype i skogen, arrangert insektskappløp, gått på ski og skøyter pluss mykje meir. Med oss på turane har vi hatt frå 10 til 50 små og store Turbos. Saman med Turboklubben i Ervikane hadde vi også ein hyttetur til Alexander Grieghytta på vinteren. (Andreas Grytdal).

Turboklubben i Ervikane

Denne klubben rakk både båttur, utforsking av fjæra og hyttetur til Alexander Grieghytta med Turboklubben i Ervikane før han dessverre vart (midlertidig) nedlagt pga. manglande frivillige som

kan arrangere turar.

Turbo Os 10-12 år

Gruppa har hatt månedleg aktivitet unntatt i sommerferien. Gruppa tilbyr stor variasjon i aktivitetane



for å vere attraktiv for dei større barna. Vi har hatt isbading i Ervikane, skihopping på Gullbotn, laga flaggermuskasse ved Knutabruo, vore i Klatreparken «Høyt og Lavt», hatt to padlebretturar på Strøno, telttur i Ervikane, båttur til Halhjem, snorkling i mørket i Ervikane, lommelykttur i Ervikane, kanotur i mørket og filmkveld på Drangebu. (Lisa Garcia-Solheim)



DNT Ung intro

DNT Ung intro som vart oppretta i 2023 har hatt 5 varierte arrangement i 2024 med totalt antall deltakare på 51.

Pizzakveld og idémýldring på Frivillighetshuset. Her ble turprogrammet presentert og ungdommene fikk komme med noen ønsker, samtlige var klar for hytteturer og mer ski.



Hyttetur og ski på Kvamskogen.

Vi bodde på Vareggshytten som er like ved en RødeKorshytte. Dette er en stor og grei hytte og gjengen vår koste seg skikkelig, de hadde bl.a. filmkveld i kjellerstuen. Alle storkoste seg på turski og i slalåmbakken, mestringsfølelsen var stor. Vi gjentar suksessen neste år, var alle enige om.

Klatreparken Høyt&Lavt. Vi hadde en flott dag i parken sammen med Barnas Turlag, så vi var en stor gjeng.

Sykle Rallarvegen fra Haugastøl til Flåm. Denne turen anbefales på

sterkeste! Vi leide sykler og sykkelvesker, overnattet på Larsbu og deretter på Hallingskeid. Avsluttet med pizza på kaien i Flåm og busset trøtt og fornøyde hjemover.

Vinterbad og badstu. En skikkelig tøff styrkeprøve for gjengen, bading i sjøen i hagl og vind og inn til god varme i Os Sauna

(Merete Knag)



Søndagsturar

7 turar var sett opp for Os Turlag i 2024. 2 vart avlyst pga. veret, men dei resterande 5 turane vart gjennomførte. Tysnesturen til Illefjell var det 24 som deltok på, Lygre – Yddal var det 20, over vidden i Bergen var det 6, Byvandringa var det 25, og Sandviken – Kvitebjørn var det 9 som deltok. Tilsaman var det 84 som var med oss på tur. I 2025 er det sett opp 6 søndagsturar, og vi håper veret blir bedre, slik at vi kan få nyte turane.



Utsikt få Illefjell, Tysnes


Helgetur til Nordhordaland og Fedje 1.-2. juni i flott ver!



til Utvandringssenteret på Sletta. Videre til Baløy i Austrheim, der Elisabeth Skage, styreleiar i BHT, tok imot oss og fortalde om Rongevær Kysthytte. Vi såg over til kysthytta, som er ca 300 m frå kaia på Baløy. Vi fekk og sjå og gå inn i det store, nye nauset, der ny Osolver ligg + at det kjem ein til frå

Osolververkstaden. Deretter

var vi på guida tur til Mongstad-anlegga før vi avslutta på Westland hotell, der vi hadde overnatting. Søndag gjekk turen til Sævrøy, og med ferje over til Fedje. På Fedje var det lokal guide som fortalde om livet før og no, og tok oss med til Fedje Sjøtrafikksentral. Her var og mange krigsminner i området. Nordsjøløypa vart gått til dagsturhytta, Aurihophytta, ein rundtur før vi enda på Sankeren, der vi hadde middag. Attende med ferja og til byen var vi ca. kl. 20. (Jorunn Nytræ)



Vekestur 08.-13. september



Turen gikk med buss fra Os til Lia

Fjellhotell i Skurdalen. Vi hadde første fjellturen mandag 9 september hvor alle gikk samme turen frem til et punkt og en liten hytte som hadde fått navnet som het «Hotel California». Dette var en forholdsvis lett tur for de som ikke ønsket å gå så langt. Denne gruppen skulle snu her og gå tilbake til bussen, mens noen skulle gå litt videre. Dette ble droppet da vi fikk et så dårlig vær at det ikke var forsvarlig å gå videre. Alle snudde her og gikk tilbake til bussen.

Tirsdagen kjørte vi inn til Prestholt Turisthytte og turen gikk langs Hallingskarvet ca. 3,5 km. Her snudde en liten gruppe som gikk tilbake til Prestholt hvor busen ventet. Resten gikk videre til Ustaoset. Her ble den gruppen hentet av bussen. Onsdagen var den lengste turen ca. 12 km. Vi ble kjørt inn mot Tuva Turisthytte og litt før ca. 3,5 km. ble vi satt av for å starte turen derfra. De som ønsket å gå den litt lettere turen gikk videre mot Tuva Turisthytte på en fin og forholdsvis flat og fin tursti. De andre gikk opp på Ustetind, hadde en liten pause der før vi gikk videre mot

Hakesetstølen. Dette var en variert rute hvor det meste gikk nedover med noen mindre topper å bestige. Siste turen, torsdagen, var en felles samling, ingen tur i terrenget, men en omvisning på Gjeilojordet. Vi hadde fått en lokal guide, Oddbjørn Kvile Gautepkass, til å fortelle om alle disse verdige gamle bygningene. Når vi hadde fått litt historie fra Gjeilojordet, så kjørte vi til en heimestøl,

Halvorstølen, som var eid av hotelleier av Lia Fjellhotell. Her grillet vi pølser på bål som hotelleier hadde fyrt opp mens vi var på Geilo. Vi hadde guiden med oss, og han hadde et fint foredrag om Halvorstølen og en gripende fortelling om Fanitullen inne i et av husene som det var fyrt opp et bål i en grue. Det var en fengende historie i en mørk stue med kun flammen som lys.



Fredag var det hjemreise og da stoppet vi i Granvin på Jaunsen Gjestgjevarstad Restaurant for å spise. Her fikk vi servert en fantastisk god fiskesuppe, med kaffe og kaker etter suppen. (Kjell Tore Midtun)

Andre arrangement

Opptur

Opptur kallar vi i Os Turlag «Vårens vakraste eventyr» og vart arrangert for 17. gong første onsdagen i mai. Opptur er ein nasjonal turdag der alle 8.klassingane i heile landet er invitert til turdag. Ca. 350 elevar frå ungdomskulane i Os deltok på Opptur i bra turvêr trass litt skodde i starten. Turen vart gjennomført utan uhell. Arrangementet er gratis for skulane og planlegging av Opptur 2025 er allereie i gang.



Kom deg ut-dagen : 5. februar og 25. august

Søndag 4. februar

Årets første kdu-dag var søndag 4. februar på Øvreeide gard. Etter veker med dårleg vær tok regnet ein liten pause denne dagen og både sola og heile 500 små og store var innom Øvreeide gard denne dagen. Parkeringsvaktene hadde

ein hektisk dag men med parkering både ved garden, skulen og ved grendahuset så flaut trafikken fint. I tillegg til å besøke dyra på garden vart barna aktivisert med pil-og bogeskyting, TurTip med premier til alle, hesteriding og laging av fuglekassar. Oppmøte var så stort at vi måtte supplere med ekstra pølser men heldigvis vart det nok til alle barna. Ekstra stas var det at også Turboreven hadde funnet vegen til Hegglandsdalen denne dagen.



Bilete frå kdu i februar: André Marton Pedersen

Søndag 1. september

Etter mange år på Lysøen vart i år arrangementet flytta til Ervikane. Trass dårleg vær møtte rundt 120 gjestar opp i Ervikane denne søndagen. Pga mykje vind vart SUP -brett aktiviteten kutta ut. Alle som deltok fekk premie og gratis pølser. TurTippen var populær og denne starta ved informasjonsteltet. Balanseline og skattejakt på gullkista var spennande. Turboreven var populær blant dei minste barna.

Ervikane viste seg å fungera godt som Kom deg-ut arena. Det var god plass til parkering denne dagen.

(Jorunn Nytræ)



Dugnad



Høgabu

Os Turlag har i fleire år på oppdrag frå Bergen og Hordaland Turlag hatt ansvaret for tilsyn av Høgabu turisthytte i Bergsdalen. Det er gjennomført totalt 7 tilsyn i 2024, inkludert ei stor dugnadshelg 14. – 16. juni der hytta vart reingjort, helikoptertransport med proviant, bytte av sengetøy og uttransportering av boss. (Arne Thuen)

Trivselgruppa



Vi har fått 2 nye medlemmar i Trivselgruppa og tel nå totalt 27 meir eller mindre aktive. Vi arbeider kvar torsdag dersom veret ikkje hindrar oss. 33 dagar har vi jobba, utanom kjem førebuing, kapping av material, tilkøyring, sliping av utstyr, møter etc. Til saman har 345 deltatt, så det har vore godt frammøte. Vi byrja året med å rive buldrevegg og klatrevegg på Nore Neset Aktivitetshus. Her var det intensiv jobbing frå 6. til 15. januar. Nye skilt er kome opp rundt omkring. På Lyshornet er det nye trapper på stien opp til Store Lyshornet, samt rydding av gamle, nedblåste trær. Til Vetle Lyshornet har vi fått laga bru over myrområdet, samt våte parti ned

mot Blåheiane. Montert kulturminnetavler på Borgafjellet og Kongshaugen på Haugland. Laga fuglekassesett til KUD-dagane. Midtsæterfjellet har vi sett opp nedblåste skilt /stolpe. Gjort klart på Liafjellet med benker, postkasser etc. for Fantasiløypa. Vil anslå at dugnadstimane er ca 2500. (Jorunn Nytræ)



Dagsturhytta og gapahukane

Kvar veke har Os Turlag tilsyn med dagsturhytta Borgabuo etter avtale med kommunen. Hytta er mykje besøkt og jevnleg tilsyn er viktig for å ta vare på hytta som ligg som eit smykke på Borgafjellet.

Os Turlag eig og ivaretar også tilsyn og vedlikehald av gapahukene ved Langavatn og Knutabrua i tillegg til Borgly. Tusen takk til alle dei frivillige som tek jobben med tilsyn.

Bjørnafjordtrimmen

Bjørnafjordtrimmen er eit samarbeid mellom Os og Fusa turlag og hadde 374 deltakarar i 2024, ein nedgang på nesten 90 personar frå 2023. Totalt sett hadde trimmen 172 turmål med rett i underkant

av 52.000 innsjekk. På medlemsmøte i november vart vinnarane av Bjørnafjordtrimmen kåra gjennom trekning. Premien er som tidlegare gåvekort i ulike storleiker.

Overskot frå konkurransen går til utbetring av stiar, skilting etc i Bjørnafjorden kommune.

Tryggleik- HMS

Det er ikkje rapportert om hendinger som har krevd legetilsyn i 2024.

Gåver

Os Turlag fekk kr 100.000 frå Sparebanken Vest til etablering av Fantasiløypa på Liafjellet som vart



opna 18. januar 2025. Vi set stor pris på denne gåva frå banken fordi denne løypa er ei gåve frå Os Turlag til turfolket i kommunen som vi håpar og trur at vil bli flittig brukt

Vi vil og takke våre sponsorar, som gjer det mogeleg å trykke eit programblad som viser aktivitetane våre.

Falk Sport på Amfi – er hovudsponsorar vår, der medlemmar får rabatt. Nokre gangar i året blir det skipa til medlemsdagar med ekstra gode tilbod. Desse blir annonserte på nettsida vår og Facebook.

.....

Vi i Os Turlag eller DNT kan ikkje løyse verdsproblem, men vi kan bidra til at det blir teke gode avgjersler i kampen for natur og klima.

DNT verdi : STIEN : Spannande, Truverdig, Inkluderande, Enkel og Naturvennleg.

Eit rikt liv med enkle midlar, det er DNTs vegval og strategi.

Berekraftig vekst : Naturopplevingar og friluftsliv gjev miljøengasjement. Det vi er glade i, tar vi vare på. Skal vi fortsette å nyte naturen slik vi ønskjer, må vi gjere det på ein måte som ivareta den. Men medlemsvekst og økt aktivitet, kan og bidra til å belaste naturen. Derfor er det frivillige arbeidet, dugnaden, så viktig med vedlikehald, lage gode stiar, slik at ferdsel i utmark blir lagt til rette.

Os Turlag er basert på frivilligheit, til glede for mange, og ikkje minst oss sjølve. Mange gode tilbod syns vi turlaget har i alle aldersgrupper, og vi vil takke alle som stiller opp og er leiurar, slik at mange får gleden av å komme seg ut i naturen, eller meistre klatreveggen, subbrettet, eller gjev eit puff til nokon som slit med motivasjonen. Små og store er alle velkomne til å delta. Følg med på nettsida vår og Facebook kva som blir laga til.


Stor takk til alle som tek på seg verv og som stiller opp for laget gang etter gang !



«Geilojordet» fra vekesturen i 2024



Årsregnskap for Os Turlag 2024



Resultatrapport Os Turlag

Driftsinntekter	Periode	Akkumulert
3120 Salgsinntekt tjenester, innenlands, avgiftsfri	10 000,00	10 000,00
3122 Norsk Tipping grasrotandel	47 836,03	47 836,03
3200 Salgsinntekt handelsvarer, utenfor avgiftsområdet	2 000,00	2 000,00
3250 Inntekter fra egne arrangementer	17 491,76	17 491,76
3400 Div. tilskudd	365 176,00	365 176,00
3915 Kursinntekter	34 042,69	34 042,69
3920 Medlemskontingenter	119 549,00	119 549,00
3930 Treningsavgifter	3 500,00	3 500,00
3940 Egenandeler	79 095,64	79 095,64
	678 691,12	678 691,12
Driftskostnader		
6100 Frakt, transport og forsikring	-95 435,52	-95 435,52
6300 Leie lokaler	-56 673,30	-56 673,30
6320 Renovasjon, vann, avløp mv.	-100,00	-100,00
6400 Leie maskiner	-2 216,00	-2 216,00
6440 Leie transportmidler	-18 411,68	-18 411,68
6490 Annen leiekostnad	-20 805,00	-20 805,00
6550 Driftsmaterialer	-115 879,52	-115 879,52
6560 Rekvisita	-934,83	-934,83
6570 Arbeidsklær og verneutstyr	-8 303,00	-8 303,00
6580 Idrettsutstyr	-2 796,43	-2 796,43
6590 Annet driftsmateriel	-64 444,53	-64 444,53
6700 Revisjons og regnskapshonorarer	-5 060,00	-5 060,00
6770 Medisinsk behandling, utstyr etc	-269,80	-269,80
6800 Kontorrekvisita (Res)	-1 587,00	-1 587,00
6810 Datakostnad	-1 369,00	-1 369,00
6820 Trykksaker	-18 450,00	-18 450,00
6860 Møter, kurs, oppdatering etc.	-67 179,17	-67 179,17
7140 Reisekostnader, ikke oppgavepliktig	-40 134,32	-40 134,32
7162 Bevertning	-62 268,67	-62 268,67
7215 Sponsorkostnader	-8 978,00	-8 978,00
7320 Reklamekostnader	-18 308,00	-18 308,00
7415 Påmelding serier, turneringer etc	-25 614,00	-25 614,00
7420 Gaver, fradragsberettigede	-15 360,00	-15 360,00
7500 Forsikringspremier	-3 160,00	-3 160,00
7770 Bank og kortgebyrer	-7 564,76	-7 564,76
	-661 302,53	-661 302,53
Driftsresultat	17 388,59	17 388,59
Finansielle poster		
8050 Annen renteinntekt	3 805,00	3 805,00
8056 Påminnelsesavgift	-267,50	-267,50
8150 Rentekostnader kredittinstitusjoner	-1 121,05	-1 121,05

Årsresultat

2 416,45	2 416,45
19 805,04	19 805,04

Balanserapport Os Turlag**EIENDELER****Omløpsmidler**

	Ved periodens start	Endring	Ved periodens slutt
1500 Kundefordringer	25 000,00	-25 000,00	0,00
1579 Andre kortsiktige fordringer	23 822,00	-23 822,00	0,00
1920 Sparebanken Vest driftskonto 3631.07.02603	788 302,27	94 136,25	882 438,52
1921 Sparebanken Vest Klatregruppen 3633.55.78001	38 886,65	0,00	38 886,65
1922 Sparebanken Vest vekstur 3626.61.19709	0,00	17 491,76	17 491,76
	<u>876 010,92</u>	<u>62 806,01</u>	<u>938 816,93</u>

SUM EIENDELER

<u>876 010,92</u>	<u>62 806,01</u>	<u>938 816,93</u>
-------------------	------------------	-------------------

EGENKAPITAL OG GJELD**Egenkapital**

Egenkapital (innskutt og opptjent)

2050 Annen egenkapital	-775 565,87	-19 805,04	-795 370,91
------------------------	-------------	------------	-------------

Udisponert resultat

Udisponert resultat	0,00	0,00	0,00
---------------------	------	------	------

Sum egenkapital (inkl, udisp. resultat)

<u>-775 565,87</u>	<u>-19 805,04</u>	<u>-795 370,91</u>
--------------------	-------------------	--------------------

Gjeld

Avsetning forpliktelser

		-120	
2180 Andre avsetninger	0,00	000,00	-120 000,00

Kortsiktig gjeld

2400 Leverandørgjeld	-100 445,05	76 999,03	-23 446,02
----------------------	-------------	-----------	------------

Sum gjeld

<u>-100 445,05</u>	<u>-43 000,97</u>	<u>-143 446,02</u>
--------------------	-------------------	--------------------

SUM EGENKAPITAL OG GJELD

-876 010,92 -62 806,01 -938 816,93

Avvik

0,00 0,00 0,00

